

Liturgiske byggjeklossar til bruk i fastetida 2022

I fastetida ønskjer mange kyrkjelydar å markere at dei høyrer til i eit globalt fellesskap. Vi har samla bønner og liturgiske ledd frå India, Midtausten, Sør-Afrika, Danmark og Noreg til bruk i gudstenester og samlingar. Nokre har opphavet sitt i det internasjonale vass-nettverket til Kyrkjenes Verdsråd (Ecumenical Water Network).

Tema for årets fasteaksjon er «Håp i ein droppe vatn». Som ein del av dette, fokuserer vi spesielt på klimatilpassa jordbruk, gjennom vatning via dryppsystem. Dropane frå røyra gjev liv og vekst, som igjen gjev inntekter og høve til å forsørgje seg og sine. De vil spesielt bli kjende med arbeidet vårt i Malawi, der vi mellom anna møter Takondwa Phanga, som er agronom og lærer bort moderne jordbruksteknologi til småbønder for å kjempe mot svolt og fattigdom. De vil også møte tenåringen Tiya og barnehagejenta Alefa. Vi rår dykk også til å bruke regnbogemateriellet aktivt, med bønner og forteljingar for kvar veke i fastetida. Kanskje med ein stasjonær bønestasjon i kyrkjerommet?

Vatn har ein heilt spesiell plass i den kristne kyrkja, med mange lag av betydning. Under finn de framlegg til å synleggjere dette i gudstenesta – slik at ho blir ei samling som talar til fleire sansar. Vi håpar byggjeklossane kan vere til inspirasjon og nytte i dykkar lokale gudstenesteplanlegging!

Kyrkjelyden din tar del i det økumeniske og globale fellesskapet av kyrkjer gjennom å bruke desse elementa. (Dette kan gjerne nemnast som del av opningsorda).

Framlegg til synleggjering i gudstenesta

De kan gi vatn ein særleg plass på eller nær altaret, eller ein annan synleg stad i kyrkjerommet.

- De kan fylle ein djup, klar bolle med vatn, ev. med blå glassteinar/-bitar. De kan òg prøve å få til lysspel i vatnet anten ved å bruke flytelys, spotlight eller lys bak/rundt skåla/bollen med vatn.
- Om nokon kan ta med store krukker (av leire, tre e.l.), eller nokre jerrykanner, kan de stille fram dei.
- Setje tørre, bladlause greiner/tre framme i kyrkja for å synleggjere tørke og dårleg tilgang på vatn. Ev til kontrast: Òg setje fram greiner som har fått spirar som teikn på liv og håp.
- Brukar de PowerPoint, kan bilete frå Fasteaksjonen stå eller kome opp på lerretet/veggen med jamne mellomrom i gudstenesta.
- De kan eventuelt setje døypefonten på ein sentral plass og fylle han med vatn så kyrkjelyden kan dyppe fingeren i vatnet og teikne seg i panna med krossmerket – anten på veg til eller frå nattverdsmåltidet, i bønnevandring, eller til eller frå kollekten ved altaret, for dei som brukar den ordninga.

Forkortingar: L = Liturg/leiar ML = Medliturg K = Kyrkjelyd A = Alle

0. Ord til opning

Alt byrjar med vatn. Det er ein føresetnad for alt liv og for all utvikling. For millionar av fattige eller fordrivne menneske kan trygg tilgang til reint vatn forandre livet.

1. Helsingord (Veksellesingar til samling/opning)

Alternativ A: Samling/helsingord

L: Kom, alle de som tørstar,
seier Jesus Kristus, vår Herre.

(Ev. ML): Kom, alle som kjenner seg svake,
smak på det levande vatnet
som eg vil gje

L: Dypp hendene i kjelda,
la vatnet forfriske kropp og sjel,
drikk av det,
stol på det,
lev av det,
for denne kjelda
tørkar aldri ut.

ML: Kom, alle som tørstar,
seier Jesus Kristus, vår Herre.

Ecumenical Water Network, Order of worship, Seven weeks for water 2016 omsett av Elin Finnseth Sæverås

Alternativ B: Helsing/samlingsbøn

L: Brødre og systrer, slik mange elvar møtest og saman renn ut i havet,
er vi komne saman for å tilbe Gud, vår kjelde til levande vatn:

Gud, i ånd og sanning vil vi tilbe deg.

La hjarto våre flyte over av lovprising og takk,
reins oss i di nådekjelde, i ditt tilgjevingsbad.

La oss bli forfriska og fornya ved Jesus Kristus,
som gjennom si oppstode tilbyr oss livets vatn.

- Seven Weeks of Water, Ecumenical Water Network (EWN)

2. Vedkjenningar

Alternativ A: Syndsvedkjenning (kan også brukast som dagens bøn)

L: Gud, vår skapar, din Ande svedde over vatnet då verda vart skapt.

Gud, vår forsonar, du kom med levande vatn til dei som tørstar.

Gud, du heilage Ande, du auser ut dine gåver til ung og gammal, til kvinne og mann,
så vi kan bere rettferds frukt:

Vi sannar at vi er grådige til det umettande og utarmar ditt skaparverk.

Nokre få av oss har meir enn rikeleg med vatn,

medan millionar av menneske korkje har reint vatn eller gode nok sanitære tilhøve.

Alle: Lat rett velle fram som vatn og rettferd lik bekkar som alltid strøymmer. 1

L: Gud, du som fekk vatn til å fosse fram frå berget
og sløkte tørsten i øydemarka,
Gud, du som i Jesus gav oss levande vatn,
så dei som drikk av det, aldri meir skal tørste,
– tilgi oss og styrk vår vilje til å gjere det du vil.

Alle: Lat rett velle fram som vatn og rettferd lik bekkar som alltid strøymmer.

L: Gud, i Jesus Kristus, du som døydde tørst,
og som lyttar til alle som opnar sitt hjarte,
– tilgi oss og styrk vår vilje til å forandre oss.

Alle: Lat rett velle fram som vatn og rettferd lik bekkar som alltid strøymmer.

L: Gud, du heilage Ande, som auser dine gåver over alle
så vi kan bere rettferds frukt,
– styrk vår vilje til å handle.

Alle: Lat rett velle fram som vatn og rettferd lik bekkar som alltid strøymmer. Amen.

- Seven Weeks of Water, Ecumenical Water Network (EWN). Omsetjing: Elin Sæverås

Alternativ B: Håpsvedkjenninga

L: Vi har eit håp om ein ny himmel og ei ny jord,

A: der freden bur,
der Guds Ande bles inn liv
og skapar ein regnboge av fargar og former.

L: Vi har eit håp om ein ny himmel og ei ny jord,

A: der kjærleiken bur,
der Kristi livgjevande ande breier seg i og mellom menneske,
der lidinga er liden
der døden er striden
og der grava er tom som på oppstoda sin morgon.

L: Vi har eit håp om ein ny himmel og ei ny jord,

A: der gleda bur,
der Guds Heilage Ande stadig fornyar det grensesprengjande fellesskapet
og det ukuelege håpet om eit liv utan grenser.
Amen.

- Metodistkyrkja i Noreg

¹ Amos 5,24)

3. Forbøner og bønnesvar

Alternativ A: Bøn for klimarettferd

Mellom bønneledda høver det med songen «Med alt på jord, er vi forbundet» (Syng håp 2, s. 94). Songleddet kan fritt erstattast med andre bønnesongar eller refreng (som t.d. Kyrie, Taizévers, «Din vilje skje», eller andre).

F= Forbedar (kan godt vera ulike personar, ulik alder, kjønn, osv.); A= Alle

A: Syng: «Med alt på jord, er vi forbundet...»

F: Gode Gud, jorda og det som fyller henne høyrer deg til.

Audmjuke undrar vi oss over kor du er stor.
Vi takkar for venleiken i skaparverket ditt
og for alle gåvene som du i kjærleik gjev oss.

A: Takk, vår Skapar!

F: Vi tok imot gåvene, men miste Gjevaren av syne.
Vi har levd som om vi åtte lufta, jorda, vatnet, artane.
No truar mørke skyer frå klimakrisa.
Borna våre arvar ei såra jord
og ein djup urett ropar imot oss:
Dei fattige som har minst skuld i klimaendringane, lir mest.

A: Miskunna deg, Gud!

F: Jesus Kristus, du blei menneske
for å forsona oss og alt det skapte med deg [3].
I tru tek vi imot di frelse og tilgjeving.
Du samanfattar alt i himmelen og på jorda [4].
Når timen din kjem, skal alt gjenreisast
og riket ditt famna alt det skapte.

A: Jesus Kristus, vi gjev deg vår lovsong!

F: Du som vann over dødskreftene,
Takk for at du ikkje forlet oss i vår naud.
Kjærleiken din tek ikkje slutt.
Før oss tilbake til dine tankar for liva våre
Vis oss at vi høyrer saman med alt det skapte
og at det er deg vi møter i søskena våre,
dei som urettmessig ber følgjene av uklok forvaltning.

A: Før oss, Herre Kristus! A: Syng: «Med alt på jord...»

F: Rettferds-Gud, vi ber for alle som har ansvar for å følgja opp klimatoppmøtet i Paris:
Lei leiarane i verda!
Gjev syn for at den eine sin rett til liv heng uløyseleg saman med den andre sin rett til liv
Ver lydhøyr for stemmene til dei fattige og sårbare,
Gjev mot til å ta dei stega som trengst.
Gjev vilje til gjennombrøt for ein rettferdig klimaavtale.

A: Lei dei, Gud!

F: Vi ber deg særleg for norske styresmakter:
Hjelp dei å ta det ansvaret som kviler på Noreg
som har fått så mykje og som kan utretta meir.

A: Lei dei, Gud!

F: Du Heilage Livets Ande, vi ber deg:
Pust på oss med din skapande kjærleik
så vi bryt opp frå likesæla,
motstår kjensla av avmakt
og gjer det vi kan for å fremja rettferd
saman på di jord.

A: Hjelp oss, Gud!

Alle syng: «Med alt på jord..»

*Utarbeidd av Norges Kristne Råd til Global veke 2015,
omsett av Gunnar Kartveit.*

Alternativ B: Bøn/forbøn frå Sør-Afrika

Gud vår Skapar, takk for alt i di vidunderlege verd som du let oss få erfare:
For strimer av lys gjennom morgondisen, for dogg på blomane og på åkrane,
for vinden som kviskrar og forfriskande regn, for solskin, varme og fargar,
for stille hav som speglar himmelen sin venleik
og tårnhøge bølger som vitnar om di makt og herlegdom:
For alt vi ser omkring oss gjev vi deg vår takk!

Gud, i din nåde: Høyr vår bøn.

Vi ber deg Gud, vår Skapar, Frelsar og Livgjevar om nok regn slik at våre vassbehov kan bli møtt.

Vi ber om di velsigning over dammar som snart er tomme, elveleie som ligg aude,
og borehol som er tørka ut.

Gud vår Skapar, opna augo våre så vi kan oppdage dine gåver til oss, også i tider med tørke.
Sørg for regn til plantane våre og næring til alle dine skapningar.

Gud, i din nåde: Høyr vår bøn.

Vi ber for dei som er truga av regnet: heimlause og flyktningar i telt og mellombelse
busetjingar. Vi ber for dei som har fått sitt livsgrunnlag skada på grunn av flaum,
for dei som veit at valdsame regnskol tyder katastrofe.

Jesus, vår Redning, når vi ber om regn, ber vi også at du er med dei som ikkje treng meir
regn.

Vern dei og livsgrunnlaget deira, så dei også kan glede seg over di redning.

Gud, i din nåde: Høyr vår bøn.

Gud vår Herre, velsign dei som skal arve jorda etter oss. Hjelp oss å leve våre liv slik at også dei kan glede seg over skapargåvene du i din kjærleik og omsorg har gitt.
Måtte vi etterlate ei jord full av venleik og herlegdom til dei,
og inspirere dei til å gjere det same overfor nye generasjonar som kjem.
Heilage Ande, Vår Livgjevar, hald fram det arbeidet du har byrja i oss,
og gi oss styrke til å møte vanskar som kjem på vår veg.

Gud, i din nåde: Høyr vår bøn.

Treeinige Gud, svar våre bønner slik du ser er best – for oss og for alle menneske.
Du har vore vår følgjesvein og vegviser gjennom denne fastetida.
Fukt vårt tørre indre med di glede, la di grøde bli rik i våre karrige hjarta
og bring lækjedom til alt som er brote – i oss og i di verd.

Amen.

- Diocese of Cape Town Water 2018 lent Programme, SouthAfrican Faith Communities' Environment Institute

Alternativ C: Bøn/forbøn; Vatnets gåve til alle

Lat gjerne ein arabisktalande person lese bønna på arabisk først.

لنصلي:

يا الله، يا خالق الكون، نشكرك على نعمة الماء. زد عطشنا لوجودك في موسم الصوم الكبير هذا. افتح أعيننا كي نرى أين توقّف تدفق مياه العدالة بسبب خطيئة الإنسان. افتح أفواهنا للكلام باسم أولئك العطش للمساواة في الحصول على هبات الخليفة. افتح قلوبنا يا الله للتشارك في ماء الحياة مع الجميع. نسأل ذلك من خلال ربنا يسوع المسيح، الذي يعيش ويسود معك والروح القدس، إله واحد، الآن وكل أوان وال دهر الداهرين. آمين .

L / ML:

Heilage Gud, du som er skaparverkets arkitekt og Meister,

vi kjem til deg med vår takk for vatnets gåve.

Auk tørsten vår etter ditt nærvær i denne fastetida.

Opna opp augo våre, slik at me kan sjå kvar synda til menneske hindrar at rettferds vatn kan flyte fritt.

Opna opp munnen vår, slik at vi kan tale deira sak som tørstar og lengtar etter å kunne ta imot sin rettmessige del av skaparverkets gåver.

Opna opp hjarta våre, slik at vi kan dele livets vatn med alle.

Vi ber om dette i Herren Jesu Kristi namn, Han som lever og rår saman med deg og Den Heilage Ande, du eine Gud, no og for alltid. Amen.

Alternativ D: Eit vatnets Fadervår

Gud, vår far og vår mor,
du som alt liv strøymen frå,
ditt namn er heilag,
for du vatnar alt det skapte med liv.
Må rettferd strøyme over oss og omgje oss,
slik den omgjev deg.
Gjev oss vatn nok til å leve, og hjelp oss å kjempe for dei
som er råka av mangel på vatn.
Tilgje oss for at me er likegyldige, uansvarlege og utan omtanke,
slik som vi tilgjev kvarandre.

Lat oss ikkje koma i freisting til å samle gode berre til oss sjølve,
til å verte grådige, gjerrige eller til å ta makt over vatnet, som er ditt.
For ditt Ord er som vatn, som reinsar oss frå det vonde,
di rettferd strøymen som ei evig kjelde,
den avvæpnar makter og styresmakter,
i fortid, notid og til evig tid.
Amen

- Frå Student Christian Movement India (SCMI) og Ecumenical Water Network (EWN), og safcei.org (Sør-Afrikansk klimanettverk)

Alternativ E: Bøn: Gud som brakte vatn fram til klippa

Gud som gav vatn fram frå klippa,
Gud som stilte tørsten hjå dei som var ved å døy i ørkenen,
Gud som i Jesus gav det levande vatnet, så dei som drikk det aldri skal tørste.
Gud som i Jesus døyde tørstande på krossen
for det var ingen der til å stille hans tørst.

Lytt til alle som i sanning vedkjenner, og gjev oss tilgjeving
så vi handlar ansvarleg i vår bruk av vatn,
vert merksame på dei desperate behova hjå dei
som er utan vatn,

og får visdom til å bevare og sikre vatn,
så elvene strøymen i rettferd blant alle menneske og folkeslag.
Amen.

- Dansk missionsråd, «Kirken er godt nytt for verden». Ressursmaterieil for FNs berekraftsmål.

Alternativ F: Bøn: Levande vatn

Nådige Far,

din son er kjelda til levande vatn;
Gi at Den Heilage Ande kan inspirere oss alle
Så vi verdset den gåva som vatnet er, og som du har gitt til vårt beste,
så vi lærer å nytte det med omtanke slik at alle får få del i det
og sørgjer for at det er tilgjengeleg for alle dine skapningar,
ved vår Herre og Frelsar, Jesus Kristus.
Amen.

- The Water(In)justice Conference, Diocese of Cape Town, SAFCEI, 2018

4. Velsigning/utgangsbøn

Alternativ A: Velsigning

Må Gud, som vatna jorda før han skapte Eva og Adam,
late si rettferd regne over oss.

Må Jesus Kristus, som talte til kvinna ved landsbybrønnen i Samaria,
fylle oss med det levande vatnet som strøymmer fram og gir evig liv.

Må Den Heilage Ande, som mettar den tørste med livsens vasskjelde,
uroe oss og utfordre oss, så vi kan vere kanalar for Guds livgivande nåde.
Amen.

Seven Weeks of Water, Ecumenical Water Network (EWN) O: Elin F. Sæverås

Alternativ B: Velsigning frå Afrika

Herren velsigne deg og gi deg sine velsigningar:
stille,
friskt vatn,
vide horisontar,
ein open himmel
og stjerner som lyser for deg i nattemørket.
Må jorda under deg
by dine føter til dans,
styrkje armen din,
fylle øyret med musikk
og nasen med søte lukter.
Må himmelen over deg
fylle sjela di med omsorg,
lyse i augo dine,
glede hjarta ditt
og leggje ein ny song i munnen din.

Frå Grønn Kirkebok: «Em tua gracia», KV 2005. O: Estrid Hesselund

Alternativ C: Velsigning til å påverke

Må Gud velsigne deg med heilag vreide over urett,
undertrykking og utnytting av menneske,
så du kan arbeide for rettferd, likskap og fred.

Må Gud velsigne deg med tårer for dei som
er merkte av hungersnaud, svolt, utstøyting og krig,
så du kan rekkje fram handa til trøyst og vende det vonde til det gode.

Og må Gud velsigne deg med den dristige tanken
at du er med og endrar verda,
så du kan gjere det andre tenkjer er umogleg.

Utdrag frå «Velsignelse til å gjøre en forskjell», frå Indonesia etter tsunamien 2004 Ressurshäfte Porto Alegre, Kyrkjeverdsrådet

Alternativ D: Velsigning

Gå med den styrken du har
Gå enkelt, lett og med varleik
på utkikk etter kjærleiken
Og må Guds Ande gå med deg.

- Frå Kyrkjenes Verdsråd, via Danske Kirkers Råd.

Alternativ A: Utgangsbøn

L: Lat oss gå ut i Guds verd
med omsorg i hendene,
forsoning i hjartet
og kjærleik i sinnet.
Lat oss gå i fred.

A: I Jesu Kristi namn. Amen.

Per Harling, Sveriges Kristna Råd, Grønn kirkebok, 2007. O: Estrid Hesselund

Alternativ B: Utgangsbøn

Herre vi takkar deg, fordi vi kan gå herifrå som frie menneske.
Takk for at vi er sett, tilgjevne og velsigna av deg.
Bli hjå oss med din fred, og hjelp oss å vere dine hender og føter i verda.
Gi du oss håp, og hjelp oss å dele håp med andre.
Amen.

- Dansk Missionsråd.»Kirken er godt nytt for verden». Ressursar til FNs berekraftsmål, 2018.

Kjelder:

- «Seven weeks for water», utarbeidd av Ecumenical Water Network, (EWN), eit nettverk av kyrkjer

og organisasjonar frå ulike trussamfunn: <http://water.oikoumene.org/en>; www.safcei.org,
www.ecocongregations.org;

- [Metodistkirkens liturgibank](#)- Den norske kirkes Nord-Sør-informasjons [liturgidatabase](#).

Norunn Stendal Aksnes, Gunnar Kartveit og Sondre Nave har omsett materialet til nynorsk om ikkje anna er oppgitt. Første avsnitt er omset til nynorsk av Semantix.